

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-C09	23/81

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2023	Formannskapet	PS	02.02.2023
007/2023	Kommunestyret	PS	16.02.2023

Medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Etter oppmoding frå Vestland fylkeskommune har Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) teke initiativ til å få med fleire medlemskommunar. Difor har dei i haust og den 19 januar 2023 hatt møter med kommunane Fedje, Gulen, Modalen, Voss og Masfjorden.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er et interkommunalt samarbeidsorgan med 12 deltakarkommunar i Bergensregionen: Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy, Samnanger, Tysnes, Vaksdal og Øygarden. Selskapet er organisert som eit kommunalt oppgåveselskap, med egne vedtekter.

På deira heimeside (bof.no) står det følgjande:

«Friluftsrådets oppgave er å etablere nye friluftsområder, tilrettelegge og holde dem ved like slik at alle kan bruke dem.»

BOF skal også arbeide for større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelsen av friluftsliv. Arbeid for å samle inn eierløst marint avfall i samarbeid med ulike aktører er også en viktig oppgave for BOF.

Rådet samarbeider med deltakerkommunene, offentlige etater på ulike nivå og interesserte organisasjoner.

VÅR OPPGAVE

- *Friluftsrådets oppgave er å etablere nye friluftsområder, tilrettelegge og holde dem ved like slik at alle kan bruke dem.*
- *BOF skal også arbeide for større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelsen av friluftsliv.*
- *Arbeid for å samle inn eierløst marint avfall i samarbeid med ulike aktører, er også en viktig oppgave for BOF.*
- *Rådet samarbeider med deltagerkommunene, offentlige etater på ulike nivå og interesserte organisasjoner.*

VISION

BOF ønsker å være en viktig bidragsyter i målet om at befolkningen i Hordaland skal ha mulighet til å drive et variert friluftsliv, både i nærmiljøet og i naturen.

«Vi gjør friluftsliv tilgjengelig for alle»

Organisasjonen forvaltar, legg til rette og driftar 258 friluftsområde hjå dei 12 medlemskommunane.

Deira båtar inngår i Skjergardstenesta, som er ei nasjonal sjøteneste med føremål å drive skjøtsel, vedlikehald og renovasjon av offentleg eigde friluftsområde langs kysten. Denne tenesta har og oppsynsoppgåver og driv med skjøtsel i naturvernområde i samarbeid med mellom anna Statens naturoppsyn. I 2021 fjerna denne tenesta fleire gamle og eigarause båtvrak.

Ein søknad om medlemskap skal sendast til administrasjonen i BOF og må handsamast i styret, før endeleg slutthandsaming i representantskapet, som er selskapet sitt høgaste organ. Alle kommunane har ein representant kvar i dette organet, med unnatak av Bergen kommune som har fire. Det er eit krav at søknader om medlemskap må godkjennast i kvart kommunestyre før dei kan sendast. Utmelding kan skje skriftleg med eitt års varsel.

I 2022 betalte medlemskommunane krone 24,- per innbyggjar. For Masfjorden sin del vil difor eit medlemskap kosta om lag 40.000,- per år.

Vurdering

Bergen og Omland Friluftsråd er ein organisasjon som vert styrt av sine medlemskommunar, og som får gjort mykje knytt til offentlege badeplassar og friluftsområde, samt renovasjon i kystområda og anna innsats skal fremja friluftslivet til dømes skilting, opparbeiding av friluftsområde med etablering og drift av parkeringsplassar, toalett, benkar, stupebrett, grillstadar, samt utleige av kysthytter med meir. I 2022 betalte medlemskommunane krone 24,- per innbyggjar. For vår kommune vil difor eit medlemskap kosta om lag 40.000,- det første året. Dersom kommunestyret gjer vedtak om at Masfjorden skal søkja om medlemskap, vil denne søknaden sannsynlegvis verta handsama i

representantskapet til BOF, i møte den 23. mars.

Ved å delta i dette kommunale oppgaveselskapet vil me koma inn i eit profesjonelt apparat med omsyn på drift og forvaltning av friluftsområde, badeplassar med meir.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune søker om medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

Formannskapet - 011/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.

Kommunestyret - 007/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.